

Alversund kommune og sparebank.

Eit lite hyllingsdikt til Alversund kommune:  
Det er mi simple plikt å tita Deg ei rune.  
Vår gamle fedraheim i tusund farne år.  
Heil, Alversund og Seim, Du heimskommuna vår.

"Mot vester ligg Alversund-bygdi, kring straumen.  
Ein morgon, i solrenning, fager som draumen.  
Du lettvindt og snøgg kan til Alversund koma,  
på alle dei vegar som fører til Roma.

I auster ligg Sæheim med forntidar-minne,  
av skogklædde åsar og fjell, ringa inne.  
Kring Vollom han breider seg, villbøke-skogen.  
Og bygdi ber merke av spaden og plogen.

*J Seim finst kj*  
~~Seim finst kj~~ mykje i old-gamle skrifter,  
om start av fabrikkar og andre "bedrifter".  
Men Du kan nok slike i Alversund finne,  
frå kjeks og sardiner, til huder og skinne.

*J Seim* ~~Ansvar~~ fann dei atterklang, salmeskald-ordi:  
"Kultur, det er dyrking av - fyrst og framst - jordi".  
Kulturen er synberr på tuni og bøen  
som hallar so vønt imot votni og sjøen.

Og folket er rike og vølnøgde - sume.  
Men andre må slita seg - tume for tume -  
i endelaus armød - med to hender, tome -  
Og veit at dei aldri or skuldi vil kome."

Her banken kjem inn i kommune-biløte.  
For femti år sidan han kom og tok sæte.  
I denne vår hylling det ogso var tanken  
å kveda ei ørliti visa til banken:

"Til Deg får kvar mann i kommuna vår, koma,  
so naken som nål, ell' med pengar i lomma.  
Om kursen han stig eller om han hev falle.  
Du prøver å oppfylla ynskjet hjå alle."

Johs.M.L.Rydland.

(P+S) Eit forseinka kvad til banken sitt 50årsjubileum.

D.S.